

KOMMISJONSVEDTAK

2008/EØS/27/21

av 2. februar 2005

om fastsetjing av ein frist for kor lang tid det skal ta før rabiesvaksinasjonen vert rekna som gyldig(*)

[meldt under nummeret K(2005) 190]

(2005/91/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

Med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 998/2003 av 26. mai 2003 om kravene til dyrehelse som får anvendelse på ikke-kommersiell forflytning av kjæledyr, og om endring av rådsdirektiv 92/65/EØF⁽¹⁾, særleg artikkel 20, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I forordning (EF) nr. 998/2003 er det fastsett krav til dyrehelse som skal nyttast på ikkje-kommersiell flytting av hundar, kattar og ilderar, og reglar som skal nyttast på kontroll med slik flytting.
- 2) I forordninga er det fastsett at det saman med kjæledyr må finnast eit pass som stadfestar at dyret har gjennomgått ein gyldig vaksinasjon eller eventuelt revaksinasjon (påfyllingsdose) mot rabies, i samsvar med tilrådingane frå produksjonslaboratoriet.
- 3) Tilrådingane frå produsenten av vaksinen inneheld klare opplysningar om utgangen av immunitetsperioden og fristen for å gje revaksinasjon (påfyllingsdose).
- 4) I forordning (EF) nr. 998/2003 er det ikkje fastsett kor lang tid som trengst for å utvikle immunitet mot rabies. Av omsyn til klarleiken i fellesskapsregelverket bør det fastsetjast ein frist for kor lang tid det skal ta før ein vaksinasjon eller revaksinasjon (påfyllingsdose) mot rabies kan reknast som gyldig.
- 5) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegnen frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Utan at det rører ved dei krava som er fastsette i artikkel 6 og 8 i forordning (EF) nr. 998/2003 skal ein vaksinasjon mot rabies, for føremålet med artikkel 5 nr. 1 bokstav b) i den nemnde forordninga, reknast som gyldig i 21 dagar rekna frå datoen for utfylling av den vaksinasjonsprotokollen som krevst av produsenten når det gjeld grunnvaksinasjonen i staten der vaksinasjonen vert utført.

Rabiesvaksinasjonen skal likevel reknast som gyldig rekna frå datoen då revaksinasjon (påfyllingsdose) vert utført, dersom vaksinasjonen vert utført innanfor det tidsrommet som produsenten av den førre vaksinen har opplyst som gyldig i staten der den førre vaksinasjonen fann stad. Dersom det ikkje kan leggjast fram veterinærattest som prov på den førre vaksinasjonen, skal vaksinasjonen reknast som grunnvaksinasjon.

Artikkel 2

Dette vedtaket skal nyttast frå 7. februar 2005.

Artikkel 3

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 2. februar 2005.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 31 av 4.2.2005, s. 61, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 92/2005 av 8. juli 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 60 av 24.11.2005, s. 5.

(¹) TEU L 146 av 13.6.2003, s. 1. Forordninga sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 2054/2004 (TEU L 355 av 1.12.2004, s. 14).